

F E S T E K O N T R A K T.

A/69

Dagbok nr.	03430	14.5.69
NORDHØYRØDLAND SØREN SKRIV. REMSEIG.		

Med etterhald om godkjenning av Kyrkjedepartementet festar underskrivne prestegardstilsyn bort til Radøy kommune nedanfor nemnde areal av Manger prestegard, gnr. 45, bnr. 1 i Radøy. Areala vert bortfesta slik dei er og med dei skyldnader som måtte kville på dei.

Bortfestet omfattar dei areal av Manger prestegard som ved tilskipinga av denne kontrakten ikkje er fråselde, bortfesta eller disponerte på annan måte. Avgrensinga av festeareala etter denne kontrakten er markert på eit kart over Manger (AE 062/3) i målestokk 1:5000. Eit eksemplar av kartet følger denne festekontrakten som vedlegg. Dei areal bortfestet omfattar, er om lag 251 000 m² store, med di tomt til ny prestebustad (4760 m²) og forretningstomt til Manger Handelslag (4926 m²) skal haldast utanom kommunen sitt feste. Grunneigaren tek ikkje noko ansvar for at desse oppgåvene er rette.

Bortfestet etter denne kontrakten har fått nemninga feste nr. 54 til Radøy kommune av Manger prestegard, gnr. 45, bnr. 1 i Radøy.

For bortfestinga gjeld desse vilkåra:

1. Festetida er 99 - nittini - år rekna frå 1. mai 1969.
2. Festeavgifta vert sett til kr 6 000 pr. år, men likevel slik at dei første 5 år skal festaren betala berre kr 2 000 pr. år, og dei neste 5 år kr 4 000 pr. år. Etter 10 år skal betala kr 6 000 pr. år, jfr. elles post 3 i denne kontrakten.

Dersom utstykking og fram bortfeste av tomter innan festeområdet, jfr. post 7 i denne kontrakten, går vesentleg fortare enn ein kunne ha grunn til å rekna med ved tilskipinga av kontrakten, eller det skulle skje vesentlege endringar i prisnivået kan ovannemnde glideskala for festeavgifta takast opp til revisjon. Dette spørsmålet skal kunne takast opp når 5 år av festetida er gått.

Festeavgifta skal betala på forskott slik grunneigaren fastset. Etter forfall vert det å rekna 4% renter. Festaren betalar ei innfestingsavgift på kr 40.

3. Når 20, 40, 60 og 80 år av festetida er gått, kan grunneigaren eller festaren innan 2 år krevja skjønn som avgjer kva den årlege festeavgifta skal vera, dersom saka ikkje blir ordna ved semje godkjend av Kyrkjedepartementet. Avgifta skal fastsetjast i samsvar med dei prisane som er vanlege for grunnareal på staden når reguleringsa vert gjort. Hår festaren ved eigne tiltak brigda verdet av parsellen skal det ikkje rekna med.

Skjønnet blir gjort med bindande verknad av 2 upartiske menn som vedkommande oppnevningsmakt nemner opp. Denne nemner også opp ein oppmann dersom mennene ikkje blir samde. Den av partane som skjønnet går imot, ber kostnaden med skjønnet.

På same måten kan det krevjast gjort når festeretten (med samtykke fra departementet) går over til andre, jfr. post 7 nedanfor.)

4. I festet følgjer ikkje med nokon rett utanfor eller langs med festeareala dersom det ikkje er beinveges sagt i denne kontrakten.

5. Festaren overtek den gjerdeplikt mot naboeigedomar som prestegarden må ha hatt på dei strekningar denne festekontrakten omfattar.

6. Dersom den årlege avgifta ikkje blir betalt innan 6 - sekss - månader etter forfall, eller noko vilkår som elles er fastsett i denne kontrakten, ikkje blir oppfylt, har grunneigaren rett til å seia festet brote og krevja festekontrakten avlyst. Om festet er misleghalde av andre grunnar enn at festeavgifta ikkje er betalt, vert i tilfelle å avgjera med bindande verknad ved skjønn etter post 3.

Festet kan elles ikkje gjerast om inkje eller seiast opp før festetida er ute utan etter avtale som grunneigaren godkjenner.

7. Dei rettar og plikter festaren har etter denne kontrakten, kan ikkje overførast til andre utan samtykke fra grunneigaren.

Festaren har rett til å dela opp festeareala i einskildtomter i samsvar med regulerings- eller tomteinndelingsplanar, og rett til å frambortfesta einskild-


tomtene kvar for seg i samsvar med standard framfeste-kontrakt godkjent av grunneigaren.

8. Når festet går ut, same kva grunnen er, har ikkje grunneigaren nokom skyldnad til å løysa inn hus, gjerde o.l. eller til å gjeva vederlag for betringar. Dersom det ikkje blir gjort annan avtale, kan grunneigaren krevja at parsellen innan ein fastsett frist blir rydda.
9. Blir det tale om å gjeva frå seg noko av festeareala til gate- og veggrunn eller grunn til kraft- og telefonleidning, vass- og kloakkledningar o.l., kan dette berre gjerast med samtykke frå grunneigaren. Vederlaget går til grunneigaren. Festaren har ikkje rett til anna vederlag enn å få sett ned festeavgifta i samhøve med storleiken av det stykket som festaren må gjeva frå seg. Blir det ikkje semje, skal nedsetjinga gjerast ved skjønn i samsvar med post 3. Grunneigaren kan lata festaren få større nedslag i festeavgifta når det fører med seg særleg ulempe til å gjeva grunnen frå seg.
10. Festaren reier ut alle skattar, avgifter og andre skyldnader som kviler på eller blir lagde på festeareala. Han må dessutan bera alle utgifter til opparbeiding av gater (vegar), vass- og kloakkledningar m.m. og må - utan godt gjersle frå grunneigaren - finna seg i alle rådgjerder som kan bli tekne av vedkommande byggje- eller reguleringsnemnd med omsyn til parsellen.
11. Festaren ber alle kostnader med bortfestinga og med moglege seinare endringar i avtaletilhøvet, t.d. til stempling og tinglysing, oppmeling, pristakst o.a.
12. Festaren må koma til liks med moglege rettighetsavarar innan festeareala.
13. Dersom denne festekontrakten, same kva grunnen er, skulle opphøre før festetida etter framfestekontraktane (jfr. post 7 i denne festekontrakten) er ute, og denne festekontrakten vert avlyst, trer grunneigaren inn i kommunen sine rettar og plikter etter framfestekontraktane.

Godkjend av festaren:

Manger, 15-69
Hans O. Galland
Manger prestegårdstilsyn.
Formann.

HÅDØY FORMANNSKAP den 30. april 1969.





Nils Gjerde,
förg. ordförar

G O D K J E N D

Festeavgifta skal kvart år betalast pr. 1. juli.

Oslo, 8. mai 1969
KIRKE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET
Etter fulimakt


Jan Ove Tidem.


Thor Foglerud.

Tinglysing Kr. 60,-
Stempel "1840, N

Kr.
BETALT 11/5-69
For sørnæringen.



Kirke- og undervisningsdepartementet
Kirke- og kulturministeren
Jnr. 1833 KIB - 7. MAI 69
Arkivheft

Jnr. 3016 KIB 20. SEP 76
Arkivheft

3430-69 : 14 mai. 69

19 mai 1969
169
1969
1969

De faste dørelærer har fått festm. 54.

